



Sweco Norge AS
Susanne Nyborg Bjelland
Postboks 80 Skøyen
0212 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/7556 - 21/50431

Saksbehandlar:
Madeleine Fonnes Aase
madeleine.fonnes.aase@alver.kommun
e.no

Dato:
15.07.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 188/323 Gjervik ytre

Byggjestad: Gbnr: 188/323
Tiltakshavar: Region Nordhordland Helsehus Iks
Ansvarleg søkjar: Sweco Norge AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 08.06.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det må dokumenterast at krava i TEK17 § 8-6 bokstav g er oppfylt.

Kommunen var på synfaring i juni. På synfaringa kunne ein sjå at det mangla ei taktil og synleg leielinje frå hovudinngangen og mot gata, jf. TEK17 § 8-6 bokstav g. Dette er hovudtilkomsten for bygget. Det ligg ei vatnførande renne der, men kommunen kunne ikkje sjå at den skulle dekke kravet. Det vart og sagt på synfaringa at den ikkje var meint som eit godt alternativ til vanleg leielinje. Vatnlinja førte rett ut til ein kommande foss/fontene, noko som ikkje er heldig. Slik kommunen ser saka er dette ein viktig del av den universelle utforminga. På bakgrunn av det anbefalar avdeling for Miljø og tilsyn at det ikkje vert gjeven ferdigattest før dette er sikra.

Kommunen ber om at tilleggsmasjon vert sendt inn samla innan 01.09.2021. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Madeleine Fonnes Aase
Fungerande avdelingsleiar

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Region Nordhordland Helsehus Iks
Sweco Norge AS

Kvassnesvegen 23
Postboks 80 Skøyen

5914 ISDALSTØ
0212 OSLO